

---

**Fra:** Olav Magne Tonstad [omt@ha.kommune.no]  
**Sendt:** 4. desember 2014 13:18  
**Til:** Postmottak LMD  
**Emne:** Uttale til forslag til endring i forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjon

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Fullført

Landbruks- og miljøverndepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.	Arkivkode	Dato
	2014033021 93		04.12.2014

## **Melding om vedtak - Uttale til forslag til endring i forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjon**

Formannskapet - 102/14:

Møte i formannskapet, 1. desember 2014

Følgjande vedtak er fatta i saka:

1. Formannskapet i Hå sluttar seg til rådmannen sine merknader til Landbruksdepartementet sitt forslag til endingar i forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen.
2. Formannskapet meiner at Landbruksdepartementet bør legge forslaget om heving av konsesjonsgrensene for slaktekylling og kalkun til side og heller førebu ei sak der endring av konsesjonsgrensene for alle dei kraftfòrkrevjande produksjonane vert vurdert. Ettersom det i dag er stor overkapasitet på produksjon av slaktekyllingar hastar det ikkje med å heve konsesjonsgrensa for denne produksjonen.

Med helsing  
Hå kommune

Olav Magne Tonstad  
jordbruksjef

Telefon: 51 79 31 24

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur*



Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
102/14	Formannskapet	01.12.2014

Saksbehandlar: Olav Magne Tonstad  
Sak - journalpost: 14/1851 - 14/31592

---

## Uttale til forslag til endring i forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjon

### Rådmannen si innstilling:

1. Formannskapet i Hå sluttar seg til rådmannen sine merknader til Landbruksdepartementet sitt forslag til endingar i forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen.
2. Formannskapet meiner at Landbruksdepartementet bør legge forslaget om heving av konsesjonsgrensene for slaktekylling og kalkun til side og heller førebu ei sak der endring av konsesjonsgrensene for alle dei kraftfòrkrevjande produksjonane vert vurdert. Ettersom det i dag er stor overkapasitet på produksjon av slaktekyllingar hastar det ikkje med å heve konsesjonsgrensa for denne produksjonen.

### 01.12.2014 Formannskapet

Svein Arve Nygård fremja følgande forslag:

*Formannskapet i Hå sluttar seg til landbruksdepartementet sitt forslag til endringer i forskrift om regulering av svine og fjørfeproduksjon.*

Ved alternativ røysting mellom rådmannen si innstilling og Svein Arve Nygård sitt forslag, blei rådmannen si innstilling vedtatt med 8 mot 1 røyst (1 Frp).

### FS- 102/14 Vedtak:

1. Formannskapet i Hå sluttar seg til rådmannen sine merknader til Landbruksdepartementet sitt forslag til endingar i forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen.
2. Formannskapet meiner at Landbruksdepartementet bør legge forslaget om heving av konsesjonsgrensene for slaktekylling og kalkun til side og heller førebu ei sak der endring av konsesjonsgrensene for alle dei kraftfòrkrevjande produksjonane vert vurdert. Ettersom det i dag er stor overkapasitet på produksjon av slaktekyllingar hastar det ikkje med å heve konsesjonsgrensa for denne produksjonen.

**Bakgrunn for saka:**

Det vert synt til Landbruks- og matdepartementet sitt brev datert 22. september 2014 der forslag til endringar i forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen vart sendt på høyring. Høyringsfristen var 14. november 2014. Rådmannen var vore i kontakt med Landbruksdepartementet angående utsetting av høyringsfristen, og kommunen har fått utsett høyringsfristen til 24. november 2014. Rådmannen si innstilling i denne saka er sendt til Landbruksdepartementet, og uttalen til formannskapet vil bli ettersendt.

Departementet føreslår å dobla grensa for konsesjonsfri slaktekyllingproduksjon med inntil 280.000 omsette og slakta kyllingar pr. år og kalkunproduksjon med inntil 60.000 omsette og slakta kalkunar pr. år.

Hå kommune er den største husdyrkommunen i landet med ein produksjon av 3,2 millionar slaktekyllingar pr. år. Produksjonen av slaktekyllingar har auka kraftig dei siste åra etter at kyllingslakteriet vart bygt i Kviamarka i Hå kommune.

### **Vurdering:**

Dagens regelverk har vore gjeldande sidan 2004. Departementet meiner derfor at det er behov for å gjennomføre enkelte endringar i forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen. I løpet at dei siste 10 åra har det bare vore mindre justeringar i forskrifta. Vi hadde rett nok eit unntak for slaktekylling, der konsesjonsgrensa første januar 2013 vart heva frå 120.000 til 140.000 slakta og omsette dyr pr. år. Det var i ein periode med underdekning og god marknadsbalanse.

Regulering av svine- og fjørfeproduksjonen blir vanlegvis sett i samanheng, og vanlegvis har endringar i konsesjonsgrensene for dei ulike dyreslaga skjedd samstundes. Rådmannen stiller seg spørjande til at departementet no berre ynskjer å endre konsesjonsgrensene for slaktekylling og kalkun. Rådmannen meiner at endringar for desse dyreslaga bør sjåast i samanheng med endringar for dei andre dyreslaga som verpehøner, slaktegris og purker. Det vil vere uheldig at grensene berre vert endra for slaktekylling og kalkun. Heving av konsesjonsgrensene vil sannsynlegvis i neste omgang føre til auka effektivitetskrav og reduserte marginar for kyllingprodusentane. Dette vil sannsynlegvis «smitte» over på dei andre kraftfòrkrevjande produksjonane, som ikkje har fått auka konsesjonsgrensene.

Heving av konsesjonsgrensene for slaktekylling vil legge tilhøva til rette for at fleire produsentar kan leve av å produsere slaktekyllingar og vere fulltids sysselsett med dette på garden. Men vi ser i dag at det på Jæren også vert bygt nye kyllinghus, hønsehus og driftsbygningar for slaktegris på gardar som frå før har ein stor husdyrproduksjon. Det er få gardar som har produksjon av slaktekyllingar som einaste husdyrproduksjon. Med auka konsesjonsgrenser har ein ingen garanti for at store kyllinghus berre vert bygt på gardar det vert produsert kylling.

Ein auke i konsesjonsgrensene vil i neste omgang auke profesjonaliteten i denne næringa. Kyllingprodusentane vil fokusere meir på drifta ettersom dei vil vere avhengig at gode og stabile inntekter frå produksjonen. Dette har vi sett innanfor svineproduksjonen, der produsentane er blitt meir profesjonelle. Vi har også sett det innanfor mjølkeproduksjonen. Bygging av store lausdriftsfjøs og etablering av samdrifter har ført til meir bevisste og dyktige bønder. Avdråtten per ku har auka i takt med bygging av nye lausdriftsfjøs. Det same vil vi kome til å sjå innan produksjonen av slaktekyllingar.

Rådmannen er derfor ikkje bekymra for at auka konsesjonsgrenser for kylling og kalkun, med dei grensene som departementet har kome med forslag om, vil føre til auka forbruk av antibiotika. Generelt fører gjerne større besetningar til auka forbruk av antibiotika. Dette vil sannsynlegvis bli kompensert med at produsentane vert meir profesjonelle. Utviklinga i Norge har dei seinare åra gått i

retning av større gardsbruk og større besetningar. Samtidig har forbruket av antibiotika til husdyr gått ned. Norge er langt frå det industrilandbruket som vi finn i mange andre land, med problem med dyrevelferd og stort forbruk av antibiotika.

Rådmannen kan ikkje sjå at tidspunktet for å endra konsesjonsgrensene er det beste, ettersom det er stor overkapasitet på produksjon av slaktekyllingar. Produsentane er blitt bedt om å redusere produksjonen dette året, og må sannsynlegvis også gjere det til neste år. Det hastar derfor ikkje med å få auke konsesjonsgrensene for kalkun og slaktekylling. Heving av konsesjonsgrensene vil sannsynlegvis føre til at mange kyllingprodusentar aukar produksjonen på sin gard. Dersom dette skjer i ein periode med overproduksjon, vil det i neste omgang føre til mange tome kyllinghus rundt om på andre gardar. Ei dobling av konsesjonsgrensa for slaktekylling vil sannsynlegvis føre til etableringsstopp for nye kyllingprodusentar i mange år framover. Strukturrasjonaliseringa innanfor produksjonen av slaktekylling vil forsterke seg.

Departementet bør legge denne saka til side og heller førebu ei sak der konsesjonsgrensene for alle dei kraftfòrkrevjande produksjonane vert vurdert.

Rådmannen har ingen merknader til departementet sitt forslag til justerte satsar for erstatning ved produksjon ut over konsesjonsgrensa. Kommunen er også samd i at erstatninga skal bereknast forholdsmessig dersom talet på innsette purker har overskride konsesjonsgrensa for ein kortare periode enn eitt år, jf. dommen i Gulating lagmannsrett av 26. februar 2014. Samstundes vil denne endringa gjere arbeidet med å kontrollere talet på innsette purker vanskeleg. Dette kontrollarbeidet bør derfor departementet konkretisere i samband med utarbeiding av nye retningsliner.

**Vedlegg:**

Høring - forslag til endring i forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjon

**Vedlegg:**

Høring - forslag til endring i forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjon